

Til: Styremedlemmane (med kopi til varamedlemmane)

Dato: 28. november 2025

## INNKALLING TIL STYREMØTE 4/25 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Tid: Måndag 8. desember 2025 kl. 18.00 – ca. 20

Stad: **Sunnmøre Friluftsråd, Stettevegen 73**

Kommune	Styremedlemmar 2025	Vararepresentantar
Fjord	Eva Hove	Almar Bonsaksen Remme
Ulstein	Berit Sandvik Skeide	Stig Ole Borgundvåg
Giske	Jan Ove Skodje	Kjersti Valderhaug Bakke
Haram	Guttorm Andreas Kjerstad	Kathrine Pernille Beite
Hareid	Annika Brandal	Bernhard Harkjerr
Herøy	Janne-Katrin Hansen Sævik	Torbjørn Anton Hide
Sande	Sindre Slettestøl	Sara Fugledal Wiik
Stranda	Thomas Roset	Gunhild Kvam
Sula	Nils Erik Bjørkavåg	Åse Petrin Vegsund
Sykkylven	Sveinung Vemøy	Eva Eline Tandstad
Vanylven	John Willy Klungre	Njål Sivertstøl
Vestnes	Ragnhild Marie Tandstad	Arve Øverås
Volda	Annlaug Stokke	Stig Helland
Ørsta	Bente Iren Flåvik Bjørndal	Marita Aklestad
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen	Thor Erik Aag
Ålesund	Ole Grebstad	Unni Kristin Wiik
Tilsettrepr.	Hilde Ellingsæter	Christer Lundberg Nes

Innkalling er sendt på e-post til faste styremedlemmar i Outlook. Sakslista er sendt ut 28. november 2025. Dersom du ikkje kan møte, ber vi om at du melder i frå til din vararepresentant. Gje melding til dagleg leiar dersom vara stiller eller ingen kan kome.

Møteprotokoll vert sendt kommunane, fylkeskommunen og FL.

Beste helsing Sunnmøre friluftsråd

Eva Hove  
styreleiar

Hans E. Pilskog  
dagleg leiar

**Saksliste:**

Saksnummer:	Tittel:
Sak 21/25	Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte
Sak 22/25	Orientering StikkUt! Sommarsesong -25
Sak 23/25	Status økonomi og Lønnsforhandlingar -2025
Sak 24/25	Orientering frå Dagleg leiar SF om hausten og planlegging framover
Sak 25/25	Orientering om båtkjøp - Skjærgårdstenesta
Sak 26/25	Statleg sikra friluftsområde «Prinsen» - Ålesund kommune
Sak 27/25	Kontingent Sunnmøre friluftsråd
Sak 28/25	Representantskapsmøte 2026: Dato og stad

**Sak 21/25: Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte**

Innkalling og saksliste vart sendt 28. november i e-post. Saksdokumenta vart sendt ut 28. november 2025 i same e-post. Referat frå styremøte 3/25 - 11. september 2025 [ligg i denne lenka](#).

**Framlegg til vedtak:**

*Innkalling og saksliste vert godkjend.*

*Referat frå styremøte 11. september 2025 vert godkjend.*

**Sak 22/25: Orientering StikkUt! Sommarsesong 2025.****Saksopplysning:**

Hilde Ellingsæter orienterer om StikkUt! sesongen 2025 og planlegging av 2026 - sesongen.

**Vedtak:**

*Styret tek orienteringa til vitande*

**Sak 23/25: Status økonomi og Lønnsforhandlingar 2025.****Saksopplysning:**

Sunnmøre friluftsråd er medlem av Samfunnsbedriftene og følger Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen i kommunal sektor. Budsjett for lønnsauke er innarbeidd i budsjett 2025. Orientering om resultat:

**Vedtak:**

*Styret tek orienteringa om resultatet av lønnsforhandlingane for tilsette i Sunnmøre friluftsråd 2025 til vitande.*

**Sak 24/25 Orientering frå Dagleg Leiar frå hausten og planlegging framover****Saksopplysning:**

Dagleg Leiar har no fungert i stillinga i 3. månader. Informerer om observasjonar og tankar for Sunnmøre Friluftsrådet framover.

**Vedtak:**

*Styre ber om framlegg på neste styremøte om organisering og økonomisk drift av Friluftsrådet.*

**Sak 25/25 Orientering om båtkjøp - Skjærgårdstenesta**

**Saksopplysning:**

Skjergardstenesta har over tid planlagt innkjøp av ein ny, brukt båt. Båttutvalet i Miljødirektoratet og Torgeir Lausund Sund har inspisert båten «Havørn» og konkludert med at han oppfyller våre behov og er i god stand for drift. Noko ombygging må påreknast etter kvart.

Det opprinnelege forslaget til finansieringsplan for ny skjergardstenestebåt i Møre og Romsdal er utarbeidd av Miljødirektoratet.

Møre og Romsdal fylkeskommune, avsette midlar frå 2018 2 500 000 kr

Miljødirektoratet, overførte midlar i 2023 1 200 000 kr

Miljødirektoratet, forventa midlar i 2024 1 300 000 kr

Sunnmøre friluftsråd, avsett fondskonto 2019 470 000 kr

Sunnmøre friluftsråd gjenstående eigenandel 2024/25 530 000 kr

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, eigenandel 2024/25 1 000 000 kr

SUM 7 000 000 kr

**vedtak:**

*Styret tek orienteringane til vitande.*

**Sak 26/25 statleg sikra friluftsområde «Prinsen» - Ålesund kommune**

**Saksopplysning:**

Sunnmøre Friluftsråd og Ålesund kommune samarbeider om å setje i stand det statleg sikra friluftsområdet «Prinsen» i Ålesund kommune. Ei av moglegheitene som blir vurderte, er at Friluftsrådet tek over nokre av bygningane på eigedomen for å nytte dei til aktivitetar for barn og ungdom. Friluftsrådet er i dialog med administrasjonen om moglegheitene for ei slik løysing. Førebels er dette uformelle samtalar der ulike alternativ blir drøfta. Friluftsrådet har ikkje høve til å ta på seg fleire kostnader utan at det ligg føre økonomisk inndekning.

**vedtak:**

*Styret tek orienteringane til vitande, og ber om oppdatering med ny informasjon på neste styremøte.*

**Sak 27/25 Kontingent Sunnmøre friluftsråd**

### Saksopplysning:

Utklipp frå årsmøteprotokollane som viser endring i kontingenten 2016-2025

- Medlemskontingenten for 2016 vert sett til kr. 15,00 per innbyggjar
- Medlemskontingenten for 2018 vert sett til kr. 18,36 per innbyggjar
- Medlemskontingenten for 2021 vert sett til kr. 19,47 per innbyggjar
- Medlemskontingenten for 2023 vert sett til kr. 20,26 per innbyggjar
- Medlemskontingenten for 2025 vert sett til kr. 21,63 per innbyggjar

Det er opp til styret å innstille til representantskapet om medlemskontingenten for 2026. Med utgangspunkt i denne utviklinga på om lag 3 % vil ei indeksregulering medføre at kontingenten for 2026 vert kr 22,30 per innbyggjar.

Medlemskontingenten utgjør om lag 18-20 % av driftsinntektene for Sunnmøre friluftsråd. Kommunane får igjen 5 kr i prosjekt/aktivitet pr krone i medlemskontingenten. Alt frivillig arbeid friluftsrådet engasjerer kjem i tillegg.

### Vedtak:

*Styres forslag til representantskapsmøte er:* Medlemskontingenten for 2027 vert sett til kr. 21,63 per innbyggjar

### Sak 28/25 Representantskapsmøte 2026: Dato og stad

Styremøtet må vedta dato for representantskapsmøtet (årsmøtet) 2026, samt dato for styremøte fire veker i forkant.

Styret må også bestemme stad/kommune for representantskapsmøtet 2026. Dei siste åra har møta vert lagt til Vestnes, Sula, Giske, Ulstein, Volda, Ørsta, Stranda, Haram. Jubileumet 2024 var lagt til Ålesund. Aktuelle kommunar for lokasjon i 2026 kan vere:

- Hareid, Sykkylven, Herøy, Vanylven, Fjord

Like etter styre har vedteke tid og stad, sender vi innkalling til representantskapsmedlemmane/ kommunane. Fire medlemskommunar har styrerepresentantar på val, og må også få beskjed om frist for val/gjenvæl (Herøy, Stranda, Sula, Vestnes).

### Vedlegg:

- Oversikt representantskapsmedlemmar 2024-2027 finn de [her](#)
- Oversikt styrerepresentantantar på val finn de her i siste sak i [møtebok 2024](#)